



Arkivnr: 2019/12858-69

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland, Marianne Ose Askvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		20.11.2019

## Prosjekttilskot: Kunst og kultur - profesjonell. Tildelingar haust 2019

### Føremål med ordninga

Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk. Ordninga skal sikre innbyggjarar i heile fylket tilgang til eit mangfaldig kulturtilbod av høg kvalitet. Barn og ungdom har spesiell merksemd, og ein ønskjer å stimulere spesielt til at unge sjølv er aktive deltakarar i prosjektet.

Tilskotsordninga skal styrkje gjennomføringa av eit regionalt kunstløft slik det er skissert i Premiss: kultur, regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025, og skal svare på aktuelle utfordringar og behov innanfor eit ambisiøst og profesjonelt kunst- og kulturliv i Hordaland. Ordninga skal omfatte kunstprosjekt, kulturminneprosjekt og tiltak i regi av profesjonelle aktørar.

Stønadsordninga skal elles ta omsyn til følgjande vedtekne kulturpolitiske mål og søkje å oppfylle desse:

- Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.
- Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle.
- Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande.

### Generelt:

Budsjett 2019:	1 350 000 kroner
Av desse er øyremerka til prosjekt som gjeld barn og / eller unge:	400 000 kroner
Søknadsfrist 2019:	1.mars og 1.september
Vedtaks kriteria:	<a href="#">KIRU 22.01.19. PS 13/19</a>
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på <a href="http://hordaland.no">hordaland.no</a> - <a href="#">tilskotsordningar</a>

### Vår 2019:

Tal på søknadar:	106
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	38
Samla søknadssum:	4 990 300
Samla løyving:	855 000
Løyvingar til prosjekt som gjeld barn og/eller unge	210 000
Midlar att til fordeling haust 2019	495 000

### Haust 2019:

Tal på søknadar:	66 søknader
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	25
Samla søknadssum:	2 698 575
Samla løyving	520 000 (Inkl. returnerte midlar frå vår 2019)

Løyvingar til prosjekt som gjeld barn og/eller unge:	109 000
--	---------

### Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søknadane har vore vurdert opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle kriteria, men dess sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søknaden vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søknads- og handsamingsrutinar.

Utdrag frå «Kriteria og innretting for Prosjekttilskot: kunst og kultur – profesjonell» der følgjande vedtekne innrettingar og kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søknadane:

#### 2. ABSOLUTE KRITERIA

Det omsøkte prosjektet skal oppfylle dei tre første punkta (a, b og c) for å kunne verte tilrådd støtte.

- a. Prosjektet skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga
- b. Prosjektet skal støtte ein eller fleire satsingar i Regional kulturplan
- c. Prosjektet skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller særskilt kulturverdi.

#### 4. VURDERINGSKRITERIA

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkjarar enn der er tilgjengelege midlar. Ved den skjønsmessige vurderinga vil det mellom anna bli lagt vekt på dei følgjande kriteria. Ein søknad må ikkje oppfylle alle vurderingskriteria, men jo sterkare og jo fleire av desse som vert oppfylt, dess meir relevant vil søknaden vere for ordninga:

- a. Utvikling av kulturlivet i fylket, t.d. ha verdi som pilotprosjekt og bidra til større breidde.
- b. Kunstnarleg nyskaping
- c. Dokumentasjon av kulturhistorie
- d. Samarbeid og nettverk
- e. At tiltaket er utadretta og ope
- f. Kvalitativt nivå på prosjekt og søknad.
- g. Tidlegare vist gjennomføringsevne
- h. Støtte og forankring i heimkommunen og evt nasjonalt(td. Norsk kulturråd)

Ved søknader om støtte til festivalar skal det i tillegg leggjast følgjande kriteria til grunn for vurderinga:

- i. festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- j. formidlingsevne og publikumsoppslutning

I tillegg skal det takast hensyn til den samla fordelinga av omsyn til geografi og sjanger.

Om det gjeld støtte til produksjon skal det ligge føre plan for utbreiing og formidling. Om det gjeld søknad om støtte til kunstproduksjon kan det verte oppnemnt rådgjevande kunstfaglege konsulentar innan relevante sjangrar.

Fylkesrådmannen viser elles til vedlegg med oversyn over søknadane med grunngjeving til kvar søknad. Der det er gitt positivt tilsegn ligg det til grunn at dei absolute kriteria er oppfylt tilstrekkeleg. Dei andre vurderingskriteria vert vist konkret til i kommentarane. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.

Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Reint lokale tiltak har kommunane eit ansvar for – spesielt når det gjeld barn og unge. Fylkesrådmannen ser det som viktig at vi opprettheld at tiltaka vi støttar skal ha regional karakter, og at lokale kulturarrangement er eit kommunalt ansvar.

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune

**Klima:** Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tilskotsordninga er eit viktig verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

### Forslag til vedtak

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtek å løyve 520 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søkjjar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	ALT GÅR BRA	Trykksak	avslag
2	Ana Rita De Faria António	An ambitious project collapsing aka "The 5th wheel"	avslag
3	André Stenbuch Marandon	Rewilding	avslag
4	Ane Elise Lassen	Bergen kammerfestival	avslag
5	ANNABEL BALEAN GUAITA	Notelangs	30000
6	Ann-Terese Aasen	RAPTURE	avslag
7	APAGON AS	Filmit	avslag
8	ARABISK FILMFORENING	Arabisk Filmfest 2020	avslag
9	Arild Rohde	FRED	10000
10	Aslak Bjørge Hermstad	Fløyten og Stockhausen	avslag
11	AVGARDE	Høst med Avgarde: Konsertserien blir tenåring!	15000
12	BAL MUSETTE ANS	Hvis grammofonen kunne snakke	12000
13	BERGEN JAZZFORUM	Finsejazz 2020 - 25 år	18000
14	BERGEN SAMEFORENING	Samisk uke 2019	10000
15	BILDENDE KUNSTNERES FORENING	BKFH prosjektmidler h2019	avslag
16	Claus Sellevoll	"Å, eg veit meg ei veit" - ein kortfilm om muring av kistegrøfter	10000
17	COLOR VISION AS	Kartlegging av muligheter for sjoddiproduksjon i Norge	avslag
18	DANIEL INNEHAVER MIRIAM MARIBLANCA	In First Person	10000
19	EIKEMO COMPOSITIONS AS	Abbath USA- og Sør-Amerikaturné 2019 samt Europaturné 2020	avslag
20	Eleanor Clare Williams	Solo utstilling Hordaland Kunstsenter i 2020	avslag
21	Else Olsen S.	Masker	12000
22	Enkeltmannsforetaket Ole Mads Sirks Vevle	Ka?TARSIS	avslag
23	EVENTYR I PARKEN	Eventyr i Parken - vandreteater	40000

24	FLORIANE GROSSET	WAAW gallery program 2019-2020	avslag
25	Foreningen Trykkeriet	Helgekurs i silkestrykk på t skjorter for barnefamilier	25000
26	FORSKNING TIL FOLKET	Stine Stamcelle Finner seg Selv - Regional Turné	19000
27	Fosse-stiftinga	Fossedagane 2019	10000
28	FOTOGRAF JORDAL	Den amerikanske draumen om Norge	avslag
29	FRUKT BART INC Torgrim Øyre	Gaahls WYRD - Ghosts Invited European Fall Tour 2019	avslag
30	Harding Puls	Vitalisering av kunstløype	30000
31	Hege Nyborg	Og fjorden der nede blir ved å gå videre mot havet og blandes mot alle verdens vann	avslag
32	HISTORY DISPOSAL UNIT	TVERRFAGLIG KUNST-TEKNIKER PÅ WRAP	avslag
33	HISTORY DISPOSAL UNIT	På Bølgelengde/Sonisk Selskap	12000
34	HISTORY DISPOSAL UNIT	Audioglimt sesong IV	avslag
35	Ice Music Festival Norway	Ice Music Festival Norway 2020	18000
36	Idun Vik	Bergen dramatikfestival	avslag
37	Inger-Kristine Riber	Rita som i ein draum	18000
38	Kristin Dyb	Maleri	avslag
39	KRISTINA AAS	Nyskapende tekstilkunst	33000
40	KUNSTPILOTENE Annette L Marandon	Lux Animalia	25000
41	LESEPLANETEN AS	Bergen i 950 år - spesialnummer av barnebladet Leseplaneten	avslag
42	LUCILA MAYOL POHL	Archaeological Fiction: Sagfjordbotn	avslag
43	Lydgalleriet	Trykking av boken LYDGALLERIET RETROSPEKTIV 2005-2015	18000
44	Maia Urstad	Soloutstilling Kabuso 2020	avslag
45	Marieke Verbiesen	Poetrymachine at Bergen Artbook Fair	avslag
46	Marthe Valle	RO/URO UNG	avslag
47	Nikolina Søggen	Barking up the right tree - or how to promote local wood knowledge in western Norwegian communities	avslag
48	NORSK PUBLIKUMSUTVIKLING	NPU-konferansen 2019 i Bergen	50000

49	NORWAY FRINGE FESTIVAL AS	Bergen Fringe Residency	avslag
50	Nye stemmer	Nye stemmer høsten 2019	10000
51	OLSVIK SOKN	Kulturfest 2019	avslag
52	OPA FORM AS	Opaform til biennalen	avslag
53	Peder Niilas Tårnesvik	Niilas i Surround	avslag
54	PIKSEL PRODUKSJONER LTD	HackteriaLab 2019	avslag
55	PROSCEN - PRODUSENTEHET FOR SCENEKUNST	Ulike tilnærminger til (teater)scenen	avslag
56	REMEMBERING KENNETH	Visebok - Kenneth Sivertsen	20000
57	RØNHOVDE PRODUKSJONER	Luna og Lampeskogen	avslag
58	SARA RØISLAND TORSVIK	"Se//Sett#Se"	avslag
59	Signe Førre	Det er så fagert i Finnesloftet	avslag
60	Simon Alejandro Larsen	Jungelen pres. Forza (live) + DJ's Norsicaa (UK) & Simon Alejandro	avslag
61	STALLENS VISEVENNER	Utvikling av talentfulle låtskrivere og formidlere	avslag
62	STIFTELSEN BERGEN SENTER FOR ELEKTRONISK KUNST (BEK)	Prototype for interaktiv digital plattform – BEK 20 år	15000
63	STIFTELSEN FJELBERG PRESTEGARD	Bokprosjekt dokumentasjon Fjelberg prestegard.	50000
64	Terje Isungset, All Ice AS	Arctic Icemusic turné	avslag
65	Thea Hjelmeland	Komposisjon og tekstarbeid	avslag
66	Trudi Jaeger	HEBRIDENE ATLANTERHAVET – CONTINUUM: FASE IV. Produksjonsstøtte til separatutstilling.	avslag
	<b>SUM</b>		<b>520000</b>

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 28.10.2019**

Det er som vanleg færre søknadar til handsaming i denne ordninga om hausten då mange arrangement vert gjennomført vår / sommar, og det vart såleis tildelt ein større del av den budsjetterte totalsummen om våren.

Støtte gjennom desse tilskotsordningane / kulturstøtte er ikkje rettighetsbasert, og det er som vanleg i denne søknadsordninga langt fleire støtteverdige søknader enn det er økonomi til å innvilge. Det er difor også i denne søknadsrunda mange som får avslag som stetter kriteria, og dei som får innvilga stetter i svært høg grad vurderingskriteria som er sett opp.

Det er i overkant av 1/3 av søknadane som er tilrådd støtte, og dei aller fleste får innvilga betydeleg mindre enn dei søkte om. Dette er ikkje ein ønska situasjon, og fylkesrådmannen vil oppmode om at det vert sett på korleis ei liknande ordning før innrettast og evt spissast i det nye fylket.

I tråd med kulturlova er det kommunane som skal leggje til rette for og sikre eit breitt lokalt kulturtilbod der folk bur og arbeider. Fylkeskommunen si rolle er å vere ein regional utviklar, og ha oversyn og sikre tilgjenge til meir spesialiserte eller regionale kulturtilbod.

Det er komen inn mange søknader om støtte til utvikling og produksjon av kunst i ulike sjangrar. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant. Fylkesrådmannen har, med avgrensa midlar til rådvelde, måtte prioritere tiltak og prosjekt som har tydeleg regional verdi. Dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjonskriteriet (regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg). Det er også prioritert tiltak som gjeld/involverer fleire kunstnarar. Tiltak som går føre seg i utlandet er ikkje prioritert då den regional kulturverdien er meir indirekte.

Det ligg også føre fleire søknader frå kunstnarar som skal ha td. utstillingar på institusjonar som får driftsstøtte frå HFK. I følge innrettinga for ordninga pkt. 5 c står følgjande:

KVEN KAN SØKJE: c. Organisasjonar/institusjonar som tek i mot driftsstøtte frå HFK kan søkje tilskot frå desse ordningane om det gjeld særskilte tiltak, slik som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Sjølv om det er kunstnar og ikkje institusjonen sjølv som søker er det ikkje prioritert å gje støtte til slike tiltak/prosjekt som fylkesrådmannen ser som å ligge innanfor institusjonens driftsmandat.

Det er diverre ikkje komen inn mange nok søknader som gjeld tiltak og prosjekt til og for barn og unge til å oppfylle den kvoten som er øyremerka til dette føremålet. Prosjekt som har barn og unge som målgruppe har vore gitt eit føremon, men fylkesrådmannen vurderer det ikkje som riktig i forhold til kriteria – særleg det som gjeld regional kulturverdi - og dei andre søkjarane å prioritere ytterlegare midlar til søkjarar innanfor målgruppa barn og unge enn det som no er tilrådd.